



Heile klasse 4A ved Ringstad skule er engasjerte i telysjakten, bak frå venstre, Olav Høydalsvik, Jens Farstad Vinje, Amalie Sofie Løvoll Eide, Julie Ødegård, Håkon Lind, Ingrid Slettebak Urke, Marie Stølen Hungnes, Oda Vinje Lind, Tobias Ellingsen Ervland, Emilie Jelle Langlo og Silja Julianne Ous, framme frå venstre, Gina Elen Sjøstad, Eskil Løken, Mathias Rønneberg, Odd Egil Vågsæter, Anton Røyrhus Knivslå, Hedda Oline Skogly Rolfsen, Gury Flydal Ringdal og Michael Skarbø Hans.

Jaktar tomme telys

Klasse 4A ved Ringstad skule er med i den nasjonale «Telysjakten», og ønsker hjelp i konkurransen om å samle inn flest muleg utbrente telyskoppar.

Av Maria Nerhus

Emballasjen rundt det utbrente telyset er laga av aluminium, og det er gjenbrukbart. I Sverige har dei hatt tilsvarande innsamling i

tre år, og det har blitt godt mottatt. Derfor prøver ein no å tilpasse det til norske grunnskular, der elevar i første- til fjerde klasse er oppfordra til å vere med. På Ringstad skule er det elevane til Wenche Molvær som deltar, og denne veka er det like før dei rundar 4.000 innsamla koppar.

I følge ei handsopprekking får dei fleste lov å brenne lys heime, men elevane innrømmer raskt at dei har samla inn mest hjå familie, naboar og kjende.

– Det var ikkje meininga å brenne fleire lys enn før, men rett og slett samle inn brukte telyskoppar, informerer læraren.

Klassen har lyst å vinne turen til Holmestrand og eit besøk hjå Hydro sitt aluminiumsanlegg. Det blir også kåra ein vinnar per fylke.

I naturfag var pensum om resirkulering i haust, og læraren rosar elevane sine for å vere flinke med å sortere. Derfor var det enkelt å bli einige om dette prosjektet.

– Dette kan bli nye metallting, hermetikk-

boksar, medaljar og sykklar, nemner fjerdeklassingane.

På nettsida til innsamlingsprosjektet tikkar det inn stadig nye rapportar om talet på telyskoppar, og torsdag ettermiddag var det samla inn 3,6 millionar stykker. Med andre ord kan det bli brukt til 515 sykklar.

– Ta kontakt med ein av oss for å bli kvitt dei gamle telyskoppene, oppfordrar klasse 4A.



Emilie Jelle Langlo



Michael Skarbø Hans



Jens Farstad Vinje



Oda Vinje Lind



Ingrid Slettebak Urke



Anton Røyrhus Knivslå